

Snakkar ut 10 år etter den vonde opplevinga:

# - Må føra til systemforbe

**Elisabeth Croles har lært seg å leva med posttraumatisk stress-syndrom. Men den tidlegare rektoren ved Vaksenopplæringa vil at erfaringa frå det ho vart råka av på jobb i 2011 skal kunna brukast til ei systemforbetring.**

ELISABETH BERG HASS  
elisabeth@kvinnheringen.no

Ein april dag i 2011, medan Elisabeth «Liesje» Croles sitt på kontoret sitt i Aksens og jobbar, blir døra hennar plutselig sparka opp. Inn kjem ein av elevane ved Vaksenopplæringa der ho er rektor.

## - Kom med bensinkanne

Den tidlegare flyktningen har med seg ei bensinkanne, og bensinen renn ut som ei stripe etter han på golvet. I gangen utanfor kontoret heller han innhaldet i kanna over seg. «No skal du få sjå på noko, Liesje», seier han, og held opp ein lighter.

Ho veit ikkje kor det kjem frå, men Liesje blir brått heilt iskald. Ho tar tak i mannen og snakkar til han med myndig stemme, medan ho samstundes får kommandert ei evakuering av alle som er i bygget. I løpet av dei neste tjue minutta snakkar og snakkar ho til mannen, som er tungt påverka av narkotiske stoff og heile tida held lighteren klar til tenning.

Liesje held rundt han der dei sit på golvet, medan ho kjenner at hennar eigne klede òg blir våte av den brennbare væska. Og ho tenker, rasjonelt og iskaldt, at «sånn som dette skal eg altså døye».

- Det var «slåst eller flykt», det der. Hadde eg forlate situasjonen, hadde han tent på. Om eg skjønnte det der òg då, veit eg ikkje, men i ettertid har eg jo fått vita at om dette hadde skjedd, hadde det nok ført til ein større eksplosjon i bygget.

## Fekk tak i lighteren

Sjølv om det har gått ti år sidan Liesje fekk det uhyggelege besøket på kontoret sitt, opplever ho enno at hendingane påverka henne. Å fylla bensin på bilen sin har ho hatt store problem med heilt sidan denne april dagen.

- I starten klarte eg berre fem liter. No er eg oppe i 25. Men då må eg gje meg. Lukta gir for sterke assosiasjonar, seier ho.

Etter å ha snakka lenge og roleg med den ubalanserte gjesten på kontoret sitt denne dagen i 2011, klarte Croles å ta tak i lighteren hans for å kasta den vekk.

Og vel tjue minutt etter at det heile starta, stod brannvesen,

ambulanspersonell og politi endeleg i døra, klare til å ta over situasjonen.

- Eg hugsar ikkje så mykje av tida etterpå, anna enn at eg var veldig fjern. Heilt borte, egentleg. Eg gjekk til og med og besøkte mannen på Valen sjukehus, der han blei innlagt som følge av hendinga. Eg veit ikkje om eg trudde eg hadde ei slags skuld i det sjølv, det som hadde skjedd. Men kvifor ingen stoppa meg frå å gjennomføra dette besøket er av dei mange tinga eg har lurt mykje på i ettertid.

## I rettsak åleine

Liesje har i etterkant snakka lite om, og gjort lite nummer av, denne traumatiske hendinga ho ufrivillig blei ein hovudperson i. Noko av årsaka trur ho handla om angsten for at nokon skulle ta det ut over flyktningane på Husnes.

Ei anna årsak var at ho hadde eit sterkt ønske om å leggja det heile bak seg.

- Men den kanskje viktigaste, og mest absurde årsaka, var at eg sat med ein grunnleggande tvil om kor vidt det eg hadde vore med på faktisk var noko ekstraordinært. Og det handla mykje om måten eg blei møtt på av leiinga i kommunen etter hendinga. Eg høyrde ingenting, eg fekk ikkje noko tilbod om oppfølging. Til og med til rettsaka måtte eg gå åleine, berre følgd av ein kollega i TRV (Tiltak og ressurs for vaksne) som frivillig stilte opp for å støtta meg, fortel Liesje.

## «Kafkask» oppleving

Ho skildrar den enorme stilla denne hendinga blei behandla med i ettertid som ei «kafkask» oppleving. I avisene er hendinga berre referert til i eit par notisar. Då Dagbladet ringde same dagen, takka Liesje nei til å bli intervjuet av alle omsyna ho kjende på.

- Politiet tok kontakt med meg nokre veker etterpå, leiarane mine gjorde det ikkje. I ettertid har eg tenkt at det er heilt absurd. Då eg kom tilbake på jobb igjen etter ei tids sjukemelding, var haldninga eg blei møtt med at denne saka no var ferdig og tilbakelagt, og at det var på tide å gå vidare. Kanskje fordi dei i tida eg var sjukemeld hadde hatt eit møte med resten av TRV og psykososialt team. I kommunen hadde vi i åra før hatt fokus på kommunikasjonsreglar, og det blei laga ti reglar for korleis vi skulle oppføra oss. Lojaliteten skulle gå oppover, og tilsette i kommunen skulle ikkje gå ut på eiga hand og laga noko nummer av noko. Slik var kulturen. Men eg har som fagperson alltid meint at lojaliteten min først og fremst går til elevane. Eg er jo tilsett for nettopp dei.

Liesje blei fortald at ho kunne søka erstatning frå forsikrings-



**ASSOSIASJONAR:** - I starten klarte eg berre fem liter. No er eg oppe i 25. Men då må eg gje meg. Lukta gir for sterke hendinga i Aksens.

**Lojaliteten skulle gå oppover, og tilsette i kommunen skulle ikkje gå ut på eiga hand og laga noko nummer av noko. Slik var kulturen. Men eg har som fagperson alltid meint at lojaliteten min først og fremst går til elevane. Eg er jo tilsett for nettopp dei.**

ELISABETH CROLES



selskap. Men sjølve søknadsprosessen måtte ho stå for sjølv. Det blei til at sonen hjalp henne. Samstundes som at kommunen såg seg ferdig med saka, opplevde Liesje at ho sjølv sleit med både sinne og angst. - Det blei ein del konfrontasjonar på jobb. Eg ville mellom anna at kontorlokala skulle bli tryggare. Men oppfatninga var nok at det var eg som var vanskeleg.

## Fekk diagnose

I 2012 kom Leif Kongestøl inn i bildet som mellombels leiar. Han oppmoda Liesje om å takka ja til ein plass ved senter for krisepsykiatri i Bergen. Her fekk ho påvist posttraumatisk stress-syndrom, og fekk i løpet av dei to påfølgande åra god

hjelp av dyktige fagpersonar her.

I behandlinga blei det òg peikt på at ho blei re-traumatisert som følge av den manglande oppfølginga frå arbeidsgjevaren sin.

- No har eg ikkje jobba i kommunen på ei stund, så eg veit ikkje korleis forholda er i dag. Men eg håpar for dei som jobbar der si skuld at kulturen har endra seg frå at ein ikkje skal snakka om ting til at ein skal snakka høgt om ting. Snakka på eit språk som gir mening for ho eller han på golvet, ikkje eit administrativt språk der ein gøymer vekk bodskapen bak vanskelege ord, seier Liesje.

Ho held fram:

- Kommunen tenkte vel gjer-

ne på omdømet sitt, og at hendinga forstyrra «harmonien». Men eg trur heller det hadde vore positivt for omdømet til kommunen at dette hadde blitt sett fokus på, ikkje minst dersom handteringa i etterkant òg hadde vore god.

## Systemforbetring

Kvinnheringen tok kontakt med Liesje på bakgrunn av den tragiske hendinga på Nav-kontoret på Årstad i Bergen nyleg, der to tilsette blei knivstukne. Den eine døydde av skadane. Også to år etter hendinga på Aksens, i 2013, blei ein Nav-tilsett drepen på jobb, då på Grorud i Oslo.

Liesje måtte tenka seg om før ho bestemte seg for å stilla til intervju. Nettopp fordi hendinga i Aksens er blitt så lite omtalt. Men så var det nettopp denne mangelen på søkelys på hendinga som gjorde at Liesje fekk større problem i ettertid enn ho kanskje hadde trunge å ha.

- Derfor har eg tenkt at viss opplevinga mi kan bidra til ei form for systemforbetring, så er det verdt å snakka om. Men

# etring



**ALVORLEG:** Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik tar det Elisabeth Croles har fortald om hendinga på Aksen i 2011 på største alvor. - Hadde dette skjedd i dag, hadde det fått full merksemd frå alle kantar, seier ho, og lovar å ta det med seg vidare.

FOTO: ELISABETH BERG HASS

## - Det siste me ønskjer er å legga lokk på ting

**Kommunedirektør Ragnhild Bjerkvik meiner det er viktig å dra lærdom av Elisabeth Croles si historie.**

ELISABETH BERG HASS  
elisabeth@kvinnheringen.no

Kommuneleiinga er ei anna i dag enn i 2011 då Elisabeth Croles ufrivillig blei hovudperson i den dramatiske hendinga på Aksen. Men vi tar ein prat med noverande kommunedirektør, Ragnhild Bjerkvik, for å høyra kva ho tenker om det Elisabeth Croles skildrar frå dagen og tida etterpå.

### - Ikkje kvardagskost

- Basert på det eg har lese i dette intervjuet er det først og fremst ei sterk oppleving det Elisabeth har vore igjennom, og det er ikkje kvardagskost i arbeidslivet på nokon som helst måte. Ho opplever at ho ikkje fekk den oppfølginga frå arbeidsgjevar som ho hadde ønskt. Dette var før mi tid, men slik eg har fått det referert, blei det gjort ein god del frå kommunen på oppfølgingssida. Men uansett sit Croles att med ei oppleving av at det ikkje var tilfredsstillande,

og det må me ta på alvor og dra lærdom av, seier Bjerkvik.

- Ville ei hending som dette ha gått forbi nærast i det stille viss den hadde skjedd i dag?

- Hadde dette skjedd i dag, hadde det fått full merksemd frå alle kantar. Det siste me ønskjer er å legga lokk på ting. Menneske som opplever ting fortener og treng å bli sett. Hadde dette skjedd i dag, hadde bedriftshelsetenesta og kriseteam vore koplå på frå start, seier Bjerkvik, og legg til:

- Og sånn som vi såg ved hendinga på Nav Årstad, så var òg pressa på heilt frå start. Då er det svært viktig at dei får informasjon. Sjølv sagt kan ein ikkje gå ut med alt, og informasjonen må vera etterrettelig og sann. Men me må ha ei openheit ut mot publikum, peikar ho på.

Ho synest òg det er svært trist viss ikkje Elisabeth har fått den takka ho fortener for å ha forhindra ein potensiell katastrofe i Husnes sentrum.

### - Ikkje illojalt

- Korleis opplever du at kulturen i Kvinnherad kommune er i dag? Går lojaliteten framleis oppover?

- Etter mitt syn treng det ikkje vera motsetning mellom lojalitet og ytringsfridom. Men lojaliteten må jo gå begge vegar. Og det er ikkje illojalt å gi beskjed om kritikkverdige forhold. Skulle det vore det, hadde me fått ein kultur der me ikkje får fram kva som er problemområda, og då kan me heller ikkje utvikla oss vidare.

Kommunedirektøren seier vidare at det aller viktigaste ein kommune kan gjera, er å gjera det den kan for å forhindra slike uønskete hendingar som den i Aksen.

- Eg jobba tidlegare ved ein skule der potensielle uønskete hendingar stadig vekk var eit tema, og då særleg eit scenario som terror. Kva skulle vi gjera for å førebygga? Det vi alltid fall ned på, var at vi måtte behandla elevane våre så godt, og med så stor respekt, at me aldri ville hamna i ein slik situasjon, seier ho, og held fram:

- Men ein kan sjølv sagt ikkje seia at slike hendingar

ikkje vil skje berre vi gjer slik og sånn. Slike ting må òg sjåast i lys av det somme av innbyggjarane våre kan ha med seg.

### - Stort apparat

- Elisabeth peiker på at kommunane har mykje å gå på når det kjem til integrering. Er du einig?

- Kommunar gjer nok ikkje nok. Vi ser jo at vi i andre delar av landet har utfordringar med til dømes gjengkriminalitet. Utanforskap, og det at folk fell utanfor arbeidslivet, er òg problematisk. Slike ting føre kjem sjølv sagt uansett etnisk bakgrunn. Men det betyr at vi kan gjera meir for å integrera på ein god nok måte. Og vi er i gang med ei intensivering av dette arbeidet her i kommunen. Vi skal snart ta imot to flyktningfamiliar, og har lagt opp til eit stort apparat som skal jobba kring desse rett og slett for å ligga i forkant.

Ho er samd med Elisabeth Croles i at det kan vera lurt å involvera fleire einingar og bedrifter i integrering, særleg sidan språktrening i ein arbeids-situasjon er svært viktig.

### Vaksenopplæring

- Elisabeth er òg inne på Vaksenopplæringa sine kår. Blir eininga godt nok prioritert?

- Me har eit stykke veg å gå her. Det er nok ulike årsaker til det, men det heng nok litt saman med at ein har hatt eit lågt tilfang av flyktningar ei god stund no, slik at ein blir veldig oppteken av å tilpassa drifta til rammene. Men vi må òg fokusera på å halda på fagkompetansen, den tar det lang tid å bygga opp. Når det gjeld lokalitetane, held me på med å sjå på om me kan få Vaksenopplæringa inn i Aksen 2. For augneblinken er me usikre på om det er stort nok, men me ser på løysingar for dette. Optimalt blir det nok ikkje, men det hadde vore positivt å få denne samdrifta med dei andre einingane i bygget, peikar ho på.

Kvinnheringen har også vore i kontakt med Trond Sætereng som var rådmann då hendinga i Aksen fann stad. Han ønskjer ikkje å kommentera saka.

eg ønskjer ikkje at dette skal vera ei tåredryppande skildring av «Liesje som snakkar ut om den tunge tida». Eg vil ha fokus på kva som ikkje fungerer, og kva ein kan gjera for at liknande hendingar kan førebyggast for framtida, forklarar ho.

Liesje peiker på at Nav-kontora i landet var raske med å innføra tiltak for å auka tryggleiken til dei tilsette både i 2013 og etter drapet no nyleg. Vaksenopplæringa har derimot halde fram som før.

- Kontora våre den gongen var ikkje optimale. Sidan vasslekkasjen i Aksen gjekk det frå vondt til verre. Leiinga sit i brakker, medan elevane er spreidde rundt på provisoriske kontor, peiker ho på.

Liesje etterlyser òg ei større heilskapstenking rundt det å ta imot flyktningar til ein kommune.

- Folk som kjem frå krigsområde er ofte sterkt traumatiserte. Mange er analfabetar. Så skal dei busettast i kommunar og læra seg å lesa og skriva på eit heilt anna språk, og læra seg å leva i ein kultur som er totalt framand frå det dei sjølv kjem

frå. Då trengst det ein større plan enn at ein berre har ei vaksenopplæring og miljøterapeutar. Alle einingane må involverast og ha eit forpliktande ansvar for flyktningane som skal bli integrerte, til dømes i språkpraksisperioden. Og det skal sjåast att i budsjettet i heile kommunen.

### - Jobba saman

Liesje peikar på at kommunar mottar mykje midlar for å ta imot flyktningar, og meiner det burde vore pøst på med pengar dei første to åra til dei einingane og bedriftene som vil ta eit ansvar for dei som skal bli busette.

- Det trengst ein heil kommune for å busetta flyktningar. Her må ein jobba saman for å bygga tillit, og for å få dei som kjem til å føla seg heime. Er fagkunnskap berre eit alibi, eller noko vi faktisk brukar i kommunane? Eg berre spør, seier den tidlegare rektoren, før ho rundar av:

- Tidleg, heilskapeleg og heilhjarta innsats i arbeidet med flyktningar er det beste førebyggande tiltaket for hendingar som dette her.

assosiasjonar, seier Elisabeth Croles om korleis det har vore å fylla bensin etter

FOTO: ELISABETH BERG HASS

**Croles sit att med ei oppleving av at oppfølginga frå arbeidsgjevar ikkje var tilfredsstillande. Det må me ta på alvor og dra lærdom av.**

RAGNHILD BJERKVIK,  
KOMMUNALDIREKTØR